

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	30.04.2025
Vår referanse	2025/28422-6
Dykkar referanse	aea619f6-f5a5-4e3e-870c-bdbbe1e0c59f
Sakshandsamar	Siri Hanson
E-post	Siri.Hanson@vlfk.no
Telefon	

Begrenset høring - konsesjonspliktavurdering - Torolmen kraftverk - Årdal kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Førespurnaden skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov.

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027.

Frå eit vassmiljøfagleg ståstad meiner vi at kan vere føremålstenleg å behandle saka vidare utan konsesjon. Likevel må tiltakshavar sjølv vurdere om tiltaket kan vere søknadspliktig etter anna regelverk.

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturstyresmakt. Vi vurderer at det er eit potensial for nye funn av kulturminne innafor tiltaksområde. Det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Uavhengig om tiltak krev konsesjon eller ikkje så skal tiltakshavar si undersøkingsplikt jf. §9 i kulturminnelova oppfyllest. I samband med undersøkinga kan det vere naudsynt å tilstandsregistrere kjende kulturminne som ligg i den regulerte sona og som er utsett for erosjon.

Vi gjer merksam på at detaljplanen for prosjektet ikkje kan ferdigstillast før den arkeologiske registreringa er gjennomført og fylkeskommunen har gjeve endeleg kulturminnefagleg uttale til planen. Dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som utbygginga kjem i konflikt med, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast for å unngå konflikt med kulturminne. Om det ikkje er mogeleg å justere på tiltak for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Eventuell dispensasjon frå kulturminnelova vert i konsesjonssaker gitt etter § 8, 1. ledd. Dette må skje før detaljplanen for prosjektet blir godkjent av NVE.

Området har verdi for friluftslivet; som turområde, jakt, fiske og sykkel. T-merka fot-ruter går gjennom desse områda.

Området ligg innafor villreinområde og er potensielt av verdi som beite- og trekk og kalvingsområde for villreinstamma her.

I ein detaljplan for miljø og landskap og i gjennomføring av dei planlagde tiltaka må desse verdiane takast omsyn til og inngrep reduserast mest mogleg.

Bakgrunn/kva saka gjeld

NVE har fått ein førespurnad frå Hydro Energi, datert 13.06.2024, om vurdering av konsesjonsplikt for Torolmen kraftverk i Årdalsvassdraget. Kraftverket er planlagt tilknytt den eksisterande overføringstunnelen mellom magasina Tyin og Torolmen.

Landskapsinngrepet dreier seg i hovudsak om tilkomst til kraftverket og deponering av masser. Det er anslått at det til saman må takast ut ca. 20-30 000 m³ med masser for å bygge anlegget. Søkjar vil lete etter løysningar for bruk av masser til samfunnsnytte, t.d gjennom etablering eller forsterkning av vegar og parkeringsplassar i området. Eventuelle resterande masser vil bli deponert på eigna stad. Planlagt gjennomsnittleg produksjon er 30 GWh/år. Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9479/V.

Førespurnaden skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova

Vurdering

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vestland fylkeskommune er difor i utgangspunktet positiv til auka fornybar kraftproduksjon. Eit mål er likevel at produksjon av kraft frå fornybare energikjelder tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Vassmiljø

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta, og uttaler seg i denne samanhengen med utgangspunkt i miljømåla for sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). Vassførekomstane knytt til kraftverket er registrert som SMVF med moderat økologisk potensial (MØP). Frå vann-nett har førekomstane godt økologisk potensial (GØP) med tanke på vasskraft, men kvalitetselementet botnfauna trekk tilstanden ned til MØP. Ifølge regional vassforvaltningsplan er ein av hovudutfordringane i fylket å nå eller halde på dette potensialet i modifiserte vassførekomstar. Det er derfor viktig at nye tiltak ikkje bidreg til å forringe tilstanden der miljømåla om GØP allereie er nådd, eller gjere det meir krevjande å nå målet i framtida.

Vi vurderer at tiltaket etter vedlagt informasjon ikkje inneber nye inngrep i, eller påverknad på vassførekomstar som vil føre til ei vidare ringing av miljøtilstand eller hindre framtidig måloppnåing, og at det frå eit vassmiljøfagleg ståstad kan vere føremålstenleg å behandle dette vidare utan konsesjon. Samtidig meiner vi at det kunne vore tydelegare skildra at tiltaket ikkje påverkar miljømåla etter vassforskrifta. Ein vurdering av moglege langsiktige effektar på vassforvaltninga – til dømes endra driftssamordning – kunne styrkt grunnlaget for fritak frå konsesjonsplikt.

Vi ser positivt på at tiltakshavar ynskjer dialog med Årdal Jeger og Fisk om løysingar knytt til fisk og vassmiljø. Det viser vilje til å ivareta lokale omsyn, sjølv om dette ikkje nødvendigvis påverkar det økologiske potensialet i forvaltnings-messig forstand.

Vi minner til slutt om at sjølv om tiltaket vert vurdert som unntatt frå konsesjonsplikt etter vassressurslova, må tiltakshavar sjølv vurdere om tiltaket kan vere søknadspliktig etter anna regelverk – til dømes forskrift om fysiske tiltak i vassdrag eller forureiningslova.

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljømynde. Vestland fylkeskommune har ansvar for å ivareta nasjonale og regionale kulturmiljøinteresser, og tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, gjeld dette også steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

Vi viser til tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune sin vurdering i 2013 av konsesjonsplikt for bygging av Torolmen kraftverk. Ut frå ei samla vurdering den gangen, vart det ikkje satt krav om konsesjonshandsaming, men det vart satt krav om å oppfylle undersøkingsplikta jf. §9 i kulturminnelova innafor tiltaksområde.

Nyare tids kulturminne

I forhold til nyare tids kulturminne uttalte vi i 2013 : «Ved Tyinosen og ved Torholmen er det to eldre slusehus med tilhøyrande demningar. Desse slusehusa må reknast som ein viktig del av eit samla kulturmiljø knytt til tidlegare utbygging av vasskraftressursane i Årdal. I terrenget rundt ligg det fleire eldre massetippar frå ulike tidsbolkar. I samband med bygging av Torholmen kraftverk, må det ikkje gjerast skade på kulturminne og landskapselement knytt til tidlegare kraftutbygging, eller anna tidlegare bruk av arealet. Ei jakthytte på Sletterust ligg i SEFRAK registeret for bygg som er hundre år eller eldre. Vi gjer merksam på at alle tiltak som medfører fare for skjemming av eller skade på SEFRAK registrerte bygg er meldepliktige til fylkeskommunen.

Automatisk freda kulturminne

Prosjektet vil omfatte bygging av ein ny kraftstasjon i fjell knytt til eksisterande overføringstunnel mellom dei to regulerte vatna Tyinsjøen og Torolmen. Overføringstunnel vart bygd i samband med vedteken konsesjon for nytt Tyin kraftverk (2001). I søknaden står det at landskapsinngrepet dreier seg i hovudsak om adkomst på om lag 50 -100 m til kraftverket og deponering av masser.

I søknaden står det: «at den planlagte utbyggingen ikkje vil medføre varige endringer i noen del av vassdraget og drift av det nye kraftverket vil tilpasses gjeldende manøvreringsreglement for Tyin og Torolmen.» I følgje våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne i sjølve utbyggingsområde, men det er registrert ei rekkje med kulturminne i Tyedalen og i område kring Torolmen og Tyinsjøen. Kulturminna er hovudsakeleg knytt til jakt og fangst i steinalder.

I samband med Norsk Hydros konsesjonssøknad for Nytt Tyin Kraftverk utførte Arkeologisk Institutt ved Bergen Museum på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturminneregistreringar i 1998, 1999 og 2001. Registreringane var knytt til utbyggingsområde i Moadalen, Tyedalen og opp til Tyinosen, og fleire forhistoriske lokalitetar frå steinalder vart avdekka, særleg omkring Holsbruvatn, Biskopvatn, Torolmen og Tyinosen. Kulturminna er automatisk freda etter kulturminnelova og registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Det er ikkje alle kjende lokalitetar som er registrert i databasen og oversikten i kartgrunnlaget er slik sett noko mangelfull.

Det ser ikkje ut til at prosjektet kjem i konflikt med kjende kulturminne, og det vert difor ikkje stilt krav om konsesjonshandsaming med bakgrunn i kulturminneinteresser i Vestland fylke. Det ligg som nemnd mange automatisk freda kulturminne langs dei regulerte vatna. Dersom den planlagde utbygginga fører til endringar i vasstand vil det kunne påverke kulturminna som ligg i reguleringssonen. Fylkeskommunen vil da vurdere å krevje at prosjektet vert konsesjonshandsama. Så lenge ikkje vasstanden vert endra, kan vi ikkje sjå at prosjektet vil påverke dei kulturminna som allereie er kjend. Det som gjer mest skade på kulturminne langs regulerte vatn er erosjon. Kulturminna som ligg i reguleringssona vert utsett for erosjon som følgje av endringar i vasstanden

I 2001 vart det i samband med nytt Tyin kraftverk satt i gang arkeologiske registreringar rundt Tyin, men undersøkingane vart stoppa etter ei sesong, blant anna på grunn av utarbeiding av sektoravgiftsordninga. Tiltakshavarar undersøkingsplikt jf. §9 vart ikkje slutført og større område omkring Tyinsjøen er derfor ikkje undersøkt. Konsesjonsvilkåra frå 2001 med krav til §9 i kulturminnelova ser derfor ikkje ut til å vere oppfylt. Vestland fylkeskommune er kjend med at Innlandet fylkeskommune har bede om utsett høyringsfrist i påvente av avklaring frå Riksantikvaren angående forholdet til gjeldande konsesjon for Tyin kraftverk.

Arkeologisk registrering

Vestland fylkeskommune vurderer at det er eit potensial for nye funn av kulturminne innafor tiltaksområde. Det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avklare om tiltak i planen vil råde automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Uavhengig om tiltak krev konsesjon eller ikkje så skal tiltakshavar si undersøkingsplikt jf. §9 i kulturminnelova oppfyllest.

I samband med undersøkinga kan det vere naudsynt å tilstandsregistrere kjende kulturminne som ligg i den regulerte sona og som er utsett for erosjon.

Vi gjer merksam på at detaljplanen for prosjektet ikkje kan ferdigstillast før den arkeologiske registreringa er gjennomført og fylkeskommunen har gjeve endeleg kulturminnefagleg uttale til planen.

Dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som utbygginga kjem i konflikt med, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast for å unngå konflikt med kulturminne. Om det ikkje er mogeleg å justere på tiltak for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

Eventuell dispensasjon frå kulturminnelova vert i konsesjonssaker gitt etter § 8, 1. ledd. Dette må skje før detaljplanen for prosjektet blir godkjent av NVE. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gitt på vilkår av nærare arkeologisk gransking. Etter §10 i kulturminnelova skal slike granskingar dekkast av tiltakshavar.

Friluftsliv

Området Sletterust, Torolmen, Sletterustvatnet er vurdert som eit Svært viktig friluftslivsområde. områdebeskrivelse: Områder med mykje hytter. Mykje brukt til nærturar frå hytter, fiske og utfartsstad for jakt. Om vinteren er det mykje skiaktivitet her. Inntak Tyin ligg innanføre friluftsområdet Gamlevegen " Tunnelvegen, tusenmeteren, Heirsnosi. vurdert som eit Svært viktig friluftslivsområde. områdebeskrivelse: Gamlevegen frå sletterust til "1000-meteren". Vegen frå "400-meteren" opp til "1000-meteren" (Heirsnosi) vart opna i 1934 og vart i si tid kalla "Europa sin mest fantastiske bilveg". Mykje brukt til sykkelurar. To T-merka fotruter går gjennom desse områda.

Biologisk mangfald

Det er i utbygginga viktig å ta omsyn til naturen, og så langt som råd unngår å øydelegge område som er viktig for biologisk mangfald (jmf. Klimaplanen). I flg «Miljøfaglig Utredning, notat 2024–N15» som ligg ved søknaden, vil tiltaket ha små konsekvensar. Behovet for avbøtande og kompensierende tiltak er difor også avgrensa. Det vert tilrådd å unngå meir fysiske inngrep enn naudsynt og at ein legger riggområde og andre midlertidige tiltak og plassering av anleggsmaskiner på steder som uansett vert fysisk påverka.

Villrein

Området er potensielt av verdi som beite- og trekk og kalvingsområde for villreistamma som holder til her. Tiltaket ligg i grensa mellom Lærdal-Årdal villreinområde og Vest-Jotunheimen villreinområde. Dagens villreinstamme i Lærdal-Årdal kommer frå utsatt villrein, henta frå Nordfjella i 1995 og 1996. Den nyetablerte stammen tok raskt opp ei arealbruk som var velkjent for eldre fjellfolk og villrein-jegerar. Man opplevde ikkje minst at trekka passerte passasjer der det ligg fangstminne. Grensa for teljande areal er lagt til 900 moh, dessutan markerer kartet 1000- meterskota. I dette kartet er det også angitt ein god del trekkruiter samt areal definert som kalvingsområde og som vinterbeite. Det er underforstått at alt areal er aktuelt som barmarksbeite (www.villrein.no).

Det aktuelle området for tiltak ligg i «sommar- og høstbeite» område, jf. Kunnskapsgrunnlag til Kvalitetsnorm for Lærdal-Årdal (NiNA, 2023). I dei østlege områda, frå den noverande leveområdegrensa og austover mot innsjøen Tyin, er det gode beiteforhold for villreinen og det er biologisk naturleg for villreinen å beite i disse områda gjennom sommaren.

Det er kjent at villrein brukte desse områda på 1800- og tidleg 1900-tallet, jfr. historiske jaktskildringer og observasjonar frå folk på stølar, jmf i Valdres Bygdebok V, Næringsvegane (fyrste del, s. 16 – 37). Det er ikkje observert at villreinen har nytta disse areala sidan 70-tallet. Dei nordlegaste delane av leveområdet, frå Berdalen til Sletterust og Torolmen, er inkludert på bakgrunn av habitat og historisk kjent bruk til barmarksbeite. Grensa for sommar- og høstbeite følger yttergrensa til villreinområdet, og avgrensast kartmessig derfor mot kommunegrensa til Vang.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Siri Hanson
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift